- Når det gjeld andre kyrkjelege føremål er det peika på at kyrkja ofte har frivillege som har ansvar for oppfølging av pårørande etter dødsfall (diakonalt arbeid), og driv førebyggande tiltak overfor born og unge gjennom drift av ungdomsklubbar, ungdomskor m.m. Kyrkjemusikalsk verksemd omfattar drift av kor for ulike aldersgrupper og gjennomføring av konsertar med eigne eller eksterne musikarar
- Kyrkjeleg undervisning omfattar konfirmantopplæring og dåpsopplæring, og elles kyrkjeleg undervisning for alle aldersgrupper. Rundskrivet peikar på at kommunen har eit særskilt ansvar for å sørgje for høvelege lokale, utstyr og materiell, og for at forsvarleg tilrettelagt oppløring, også for konfirmantar med funksjonshemming, ikkje føreset eigenbetaling. Intensjonen med Kyrkjelova er at ressursbehovet og prioritering av kyrkjelege oppgåver, ikkje minst innan diakoni, b/u-arbeid, kyrkjemusikk m.m. skal foregå lokalt i eit samarbeid mellom kyrkja og kommunen. Det er "områder som naturlig hører hjemme i budsjettdrøftingene mellom kirken og kommunen".
- Med Kyrkjelova av 1996 er det kyrkjeleg fellesråd som representerer kyrkja, med dei konsekvensar som dette har hatt for oppbygging av ein kyrkjeleg administrasjon med ein standard tilsvarande anna offentleg forvalting m.o.t. å ivareta arbeidsgjevaroppgåver som personal-, økonomi- og kyrkjelege forvaltaroppgåver generelt. Lova føreset at kvart fellesråd

skal ha ein dagleg leiar/kyrkjeverje som kommunen fekk eit finansielt ansvar for. Denne årlege meirutgifta som kommunen fekk, vart kompensert i rammetilskotet til kommunane då ny kyrkjelov vart gjort gjeldande

- Nokre av dei administrative oppgåvene vil det vere rasjonelt å få utført av kommunen i form av tenesteyting. Slike oppgåver kjem då i staden for finansiell overføring til fellesrådet. Verdien av slike ytingar skal talfestast
- Når det gjeld forståinga av kva for administrative utgifter som kommunen har plikt på seg til å yte etter Kyrkjelova §15, må det, utanom personalkostnadane, reknast alle utgifter som trengst for å drifte eit offentleg kontor, så som husleige, oppvarming, reinhald, kontormøblar og kontorteknisk utstyr, herunder IT-utstyr, rekvisita m.m. I tilleg kjem utgifter i samband med møteverksemd. Kyrkje skal ha tilstrekkeleg administrativ hjelp i forhold til oppgåvene sine, ha eigne kontor og kontorforhold, slik at oppgåvene kan ivaretakast på forsvarleg måte.
- Når det gjeld prestetenesta har kommunen finansielt ansvar for kontor og utstyr til presten. Dette vart i 1999 lagt inn i rammetilskotet.

## 2. Plikter for Ulstein kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeordninga § 17 omtalar fellesrådet sine plikter og oppgåver. Rådet skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av soknet, utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen, og ivareta soknet sine interesse i forhold til kommunen.

Kyrkjeleg fellesråd forvaltar inntekter og formue knytt til kyrkje og kyrkjefond, løyvingar frå stat og kommune, og midlar som soknerådet stiller til disposisjon for fellesrådet.

## 3. Plikter for Ulstein kommune

Trossamfunnsloven § 14 omtalar kommunen sitt finansielle ansvar for kyrkjedrifta, og vi viser i det høve til omtale i punkt 1.3.
Etter avtale med kyrkjeleg fellesråd kan kommunen yte tenester i staden for å løyve pengar. Verdien av slike tenester skal talfestast (jfr. Rundskriv V-5/2020 frå Kultur- og kyrkjedepartementet)

## 4. Samarbeid

For å ta i vare informasjon og samarbeid, har kommunen og fellesrådet desse faste treffpunkta:

- Årleg orientering til kommunen om kyrkjeleg arbeid i soknet.
  Saksgang: Kyrkjeverja sender fellesrådet sin årsrapport til kommunen.
  Kommunedirektør/ordførar set rapporten som orienteringssak til kommunestyret. På det aktuelle kommunestyremøtet møter kyrkjeverje og fellesrådsleiar for å gje kort informasjon.
  Tidspunkt: I løpet av vårhalvåret
- Samarbeidsmøte mellom soknet og kommunen. Hovudtema: Økonomi, budsjett, tenesteytingsavtale, større prosjekt. Kyrkjeverja set opp sakliste i samarbeid med kommunedirektør, og etter at ordførar og leiar i fellesrådet har uttalt seg.
  Møtetid: Vår (mai/juni) og haust (november/desember)
  Deltakarar: Ordførar, kommunedirektør, kommunal representant i fellesrådet, leiar i fellesrådet og kyrkjeverje
- Fellesrådet utarbeider økonomiplan og årsbudsjett etter til ei kvar tid gjeldande lov, føresegner og statlege pålegg, og kommunale retningsliner for budsjett- og økonomihandsaming.
  Fellesrådet sitt vedtak om budsjett og rammer for soknet sitt arbeid, skal vere kommunen i hende før arbeidet med kommunalt budsjett og økonomiplan tek til (innan utgangen av vårsemesteret)
- Kontaktmøte ved behov.
  Kommunedirektør inviterer kyrkjeverja når det skal takast opp saker som vedrører soknet
-

# 5. Omtale av kyrkjeleg verksemd med kommunalt finansieringsansvar

Lovgrunnlaget (punkt 1 i avtalen) omtalar dei områda der kommunen har eit direkte finansierings-ansvar. Det gjeld i første omgang gravferder og gravplassar, kyrkje og kyrkjelege handlingar, kontorhald og personal- og driftsutgifter knytta til desse områda. Kyrkjelova peikar også på eit utvida kommunalt økonomisk ansvar, så som kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege tiltak i soknet.

## 5.1 Gravferder og drift og vedlikehald av kyrkjegardane

### 5.1.1 Arbeidsomfang

#### *5.1.1.1 Graver*

- utstikking
- tining av grav (vinterstid)
- graving, montering av stemplingar og ramme
- sjå etter at kyrkjegarden er presentabel før gravferda (kosting, brøyting vinterstid) kyrkjegardsadministrasjon: Føring av grav- og festeprotokollar, gravkart, tinging av ny grav, gravseddel/kart (til gravar), kontakt med festar om fornying av feste, kontakt med gravferdsbyrå/steinfirma om oppsett av gravminne, kontakt med pårørande, administrering av gravlegat/gravstell, kontroll av gravene (at gravminne og bed er i samsvar med gjeldande vedtekter)
- fylling av graver, opprydding og ferdigstilling av grava etter gravferda
- fjerne visne kransar/blomar og overskotsmasse nokre veker etter gravferda
- sermonielt arbeid (kyrkjetenar), ringing, eventuelt senking av kiste

#### *5.1.1.2 Vedlikehald kyrkjegard*

- skjering av tre/busker/roser
- vårrydding (fjerning av lauv og kvistar)
- luking, vatning
- etterfylling av jord på graver
- såing, gjødsling, kalking, planting
- klipping av plen etter behov (mai-oktober), kantklipping
- trimming av gras
- snørydding, sandstrøing av gangvegar, i og utanfor kyrkjegarden
- handtering av restavfall og kompost (sortering)
- handtering av kasserte gravminne
- transport av utstyr og personell

#### *5.1.1.3 Vedlikehald av gjerde, portar, driftsbygning og klokkehus*

- reparasjonar, høgtrykkspyling, maling, generelt vedlikehald
- reinhald av toalett og personalrom; etterfylling av toalettpapir, papirhandkle og såpe

#### *5.1.1.4 Dimensjonering av tenester kyrkjegard*

- *Kostnad pr. gravferd på kyrkjegarden sommarhalvår (2 dv + klokkeringing) 16 timar*
- *Kostnad pr. gravferd på kyrkjegarden vinterhalvår ( 2,5 dv+ klokkeringing) 20 timar*

- Gjennomsnitt pr. grav: 18t. Totalt 18tx60 1080 timar
- Vårrydding Osnes og Vik kyrkjegardar (21,65 mål) : 6t x 21,65 130 timar
- Oppfylling av graver (25/år): 2t x 25 50 timar
- Meirarbeid pga. auka gjenbruk av graver 2,5 timer per grav (2,4*40) 96 timar
- Montering / oppretting av gravminne: Tidsbruk dekt av avgift
- Fjerne visne kransar og overskotsmasse pr. grav: 2t. Totalt 2tx60 120 timar

- Plenklipping 1 gong/veke (mai-oktober=26 gongar: Osnes kygard:7,5tx5x26 975 timar
- Plenklipping 1 gong/14d Ulstein gml og Vik ky-gard (7,5tx1x26) 195 timar
- Vedlikehald bygningar, gjerde, portar, benker Osnes kyrkjegard (7,5x10) 75 timar
- Vedlikehald utstyr 90 timar
- Såing,luking,gjødsling,vatning,kalking,planting,skjering av tre, roser, buskar 45 timar
- Handtering av avfall 4t/veke (4*52= 208) 208 timar
- Snørydding 13 veker (desember-februar) à 10t, sandstrøing 130 timar
- Fjerning av sand på gangvegane. Manuelt arbeid evt. leige av maskin 10 timar
- ***Til saman (årleg 60 gravferder) 3204 timar***

- Tid sommarhjelper: 600 timar
- Rest timebehov: 3204 – 600 = 2604 timar

- Tal årsverk utanom sommarhjelper: 2604: 1750 = 1,49 → 1,5 stilling
- Denne ressursen skal inkludere alt mannskapsbehov, også i dei tilfelle soknet må hyre inn ekstra mannskap i samband med gravferd (kjøp av tenester)

## 5.2 Kyrkje

Trossamfunnsloven §14 føreset at kommunen dekker soknet sine utgifter til forordna og ekstraordinære gudstenester , og naudsynlege tenester som dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd og soknebod.

### 5.2.1 Kyrkjelege handlingar/personell

Her er teke med berre dei stillingane som er lovfesta. Utanom prest, er dette kantor, klokkar, reinhaldar og kyrkjetenar. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å løyse alle arbeidsoppgåver. I Ulstein har vi difor eit frivillegkorps av sokneradsmedlemer og andre frivillege som hjelper til under gudstenestene.

Biskopen har forordna 60 gudstenester for Ulstein sokn på søndagar og på heilagdagar gjennom året.
I tillegg kjem det:
- Gudstenester på kvardagar
- Gudstenester på institusjonar
- Skule-/barnehagegudstenester

I tillegg kjem vigsler og gravferder. Gravferdsdagar tysdag og fredag (kan bli aktuelt med ein tredje dag). Ekstraordinære kyrkjelege samlingar (forbønshandlingar m.m)

#### *5.2.1.1 Klokkar (13% stilling inkludert helgetillegg)*

- Administrere samling for born (søndagsskule) under gudstenestene
- Førebu og lese kunngjeringar. Tekstlesing under gudstenesta
- Minning om dei som er avdøde
- Administrere offer
- Ansvarleg for branntryggleiken, og leie evt. evakuering
- Eventuelt skifte av preikeklede
- Sjekke og styre lydanlegget (i lag med kyrkjetenar)
- Ta imot dåpsfølgje; ordne med det som trengst til dåp, og informere foreldra
- Assistere ved dåp og nattverd , og organisere prosesjon
- Organisere frivillige medarbeidarar før, under og etter gudstenesta

#### *5.2.1.2 Reinhaldar (18% stilling for reinhald i kyrkje og driftsbygg)*

- Hovudansvaret for reinhaldet i kyrkja, og syte for at kyrkja er presentabel til arrangement og andre samlingar
- Halde seg orientert om kva for arrangement som er i kyrkja
- Syte for at kyrkjeromet, våpenhuset og toaletta er reingjort til gudstenester, vigsler, gravferder
- andre arrangement som er i kyrkja
- Sjå til at andre rom som er i bruk, vert reingjorde etter behov

- I forståing og samarbeid med kyrkjetenar, halde sakristi, våpenhus, galleriloft ryddig og reint
- Hente og reingjere handdukar og dukar i sakristiet, og bringe dei tilbake på plass
- Syte for papir og såpe i sakristi og på toaletta
- Gi melding til kyrkjetenar og administrasjon om behov for utstyr og rekvisita
- Etter avtale med kateket sjå til at konfirmantkappene er klargjort for bruk i god tid før konfirmasjon, lysmesse og andre arrangement der kappene er i bruk
- Reinhald i driftsbygning(personalrom, toalett for tilsette, off.toalett) og klokkehus på Osnes

#### *5.2.1.3 Kyrkjetenar (40% stilling inkludert helge- og skifttillegg)*

- Ordne leiker og utstyr til barnekroken
- Moke snø og strø sand ved inngangane, vinterstid
- Låse opp dører 45 min. før arrangement
- Ta kontakt med kommunen viss behov for brøyting utanfor kyrkjeområdet
- Ansvarleg for lys og varme, skifte lyspærer
- Ansvarleg for namneplakatar på benkar som er reservert spesielle personar
- Klokkeringing
- Styre lydanlegget ( i lag med klokkar) , ordne med mikrofonar og myggar
- Ordne med salmebøker
- Ekstra stolar ved behov
- Montere handikaprampe
- Assistere ved brannøving
- Ordne med utstyr til nattverd (også innkjøp)
- Rydding før og etter arrangement
- Føre protokoll for kvart arrangement
- Ordne med teppe og stolar ved vigsle
- Opne dører for brudeparet
- Klargjere katafalk med teppe i samband med gravferd
- Enkelt vedlikehaldsarbeid
- Brannsikring/eigenkontroll. Fylle ut kontrollskjema dagleg/vekentleg/månadleg
- Kontakt med spesialfirma (rørleggar, elektrikar og andre) i samråd med kyrkjeverje
- Innkjøp i samarbeid med sekretær og kyrkjeverje

## 5.3 Kyrkjeleg administrasjon

### 5.3.1 Lovomtale

I trossamfunnsloven §14 andre ledd står det: *Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp.*

Å legge til rette for gode rammer for arbeidsfellesskap, arbeidsforhold, universell tilgang på kyrkja sine tenester, kirkebokføring, arbeid med kommunikasjon og forvaltning av bygg og eigedom er ei stor oppgåve for at kyrkja kan levere gode tenester til sine 6700 medlemar (2023) Ulstein sokn

### 5.3.2 Stillingar

"Tilstrekkeleg administrativ hjelp" er eit noko flytande omgrep. Det har m.a. samanheng med kor tilgjengeleg kyrkja skal vere for publikum, kor mange tilsette vi har ansvar for, kor stort arbeidsområde kyrkja sitt arbeid har, og volumet på dei ulike tenestene. Med den veksten som har vore i Ulstein siste åra, må det også få konsekvensar for bemanning av kyrkjelege tenester.

Ulstein sokn har sidan den nye kyrkjelova vart sett i kraft, hatt kyrkjeverje i 100% stilling, og sekretær i 40% stilling. Soknerådet har i dei siste åra arbeidd for å få auka sekretærstillinga til 100%. Dette både av kapasitets- og rekrutteringsomsyn.

Med ny stilling som kapellan i 2016 (100%) og kyrkjelydspedagog i 2014 (100%) har staben blitt større og arbeidsoppgåvene blitt fleire og med dette også dei administrative oppgåvene.

Det er knyt 13% stilling til reinhald av kontoret.

#### 5.3.3 Arbeidsomfang

- Dagleg kontakt med publikum (ekspedisjon, telefonservice)
- Føring av kyrkjebøker, gravregister
- Praktisk arbeid i samband med dåp (invitasjonsbrev, skriv dåpskladd til prest, kontakt lokalavis om dåp, dåpsattest, utsending av merksemd og gåver frå dåp til konfirmasjon
- Innhenting og utsending av data når det gjeld vigsle, konfirmasjon og død
- Oppdatering av medlemsregisteret
- Kunngjering og informasjon om gudstenester og andre kyrkjelege arrangement
- Sekretærfunksjon av felles administrativ karakter (innkjøp, service kontorutstyr, kopiering, IT-hjelp)
- Administrere innkomne offer og minnegåver
- Økonomi (budsjett, rapportering, bilagsføring, fakturering, rekneskap, interne rutiner)
- Personal (lønn, personalsaker, personalsamtalar, tilsetjing, handsaming i forhold til gjeldande reglement, ferieavvikling)
- Post (handtering, journalføring)
- Sakshandsaming
- Fagleg oppdatering i forhold til lover og føresegner
- Sekretær for sokneråd/fellesråd, ad hoc-utval, protokollskriving
- Organisering av frivillege medarbeidarar i samband med kyrkjelege arrangement
- Brannvernleiing
- Kontakt med offentlege organisasjonar (stat, kyrkje, kommune)
- Valsekretariat ved førebuing og gjennomføring av kyrkjelege val
- Organisering og skriving av melding og rapportar i samband med bispevisitas
- Informasjon (administrasjon av soknet si nettside, kyrkjesida i lokalavisa)

# 6. Økonomi

For at Ulstein kommune og Ulstein sokn skal finne den mest rasjonelle og kvalitativ beste måten å nytte ressursane på, bør tenestene så langt råd er kvantifiserast og prisast.

Ulstein sokn må ha eit driftsbudsjett som toler mindre vedlikehald og fornying av inventar og utstyr. Dei kommunale rekneskapsforskriftene utarbeidd av Kommunal- og regionaldepartementet, skil mellom kostnader til drift og investering. Utgifter på over kr. 100.000 for inventar/utstyr eller gjennomføring av utbygging/fornying, skal normalt førast som investering anten i kommunal regi, eller at Ulstein sokn har eige budsjett/rekneskap for slike investeringar.

## 6.1 Budsjettprosedyre

Fellesrådet må ha gjennomført budsjettarbeidet slik at nye tiltak som rådet vil ha kommunal finansiering på, både drifts- og investeringstiltak, blir sendt kommunen før den politiske handsaminga av budsjettet i Ulstein kommune startar om hausten.
*Dei årlege drøftingane om budsjettramme for komande år må vere sluttført første halvår, slik at budsjettprosessen i soknet ikkje blir skadelidande.*

## 6.2 Drift

### 6.2.1 Generelt

Overføringane til soknet vert justert årleg med kommunal deflator for å kompensere for løns- og prisvekst. Første justering i 2025.

Det er teke utgangspunkt i dei stillingsheimlane som har vore innarbeidd i budsjetta.

Lønnsmidlane er rekna i forhold til gjeldande avtalar pr. 01.01.2024. Budsjettposten for pensjon vert regulert i høve til reell betalte pensjonskostnader i året. Regulering skjer i øverføringen til soknet i desember.

### 6.2.2 Stillingar

| | | |
|---|---|---|
| Administrasjon (Kyrkjeverje 100%, sekretær 100%, kantor 100%, kyrkjetenar 40%, reinhald kontor, kyrkje, driftsbygning 31%, klokkar 13%, kyrkjegardsarbeid 130%) | kr | 2 900 000 |
| Diakon 50%, kateket 50% | kr | 640 000 |
| Faste tillegg | kr | 32 000 |
| Variable tillegg | kr | 70 000 |
| Vikarar (5%) | kr | 130 000 |
| Sommarhjelp | kr | 130 000 |
| Pensjonsutgifter | kr | 700 000 |
| Arbeidsgjevaravgift | kr | 660 000 |
| Personalforsikring | kr | 20 000 |
| Bedriftshelseteneste | kr | 25 000 |
| Telefongodtgjersle | kr | 36 000 |
| **Sum:** | **kr** | **5 343 000** |

### 6.2.3 Godtgjersle folkevalde

Fellesrådet har fastsett godtgjersla, gjeldande frå og med budsjettåret 2012.

| | | |
|---|---|---|
| 10 møte i året: Kr. 1000 x 8 x 10 + leiar 30.000 | **kr** | **110 000** |

### 6.2.4 Drift kyrkje

| | | |
|---|---|---|
| Forbruksmateriell (lys, blomster, reinhaldsmidlar etc) | kr | 74 000 |
| Straum | kr | 92 500 |
| Forsikring | kr | 29 000 |
| Vedlikehald (mindre arbeid gjennom året) | kr | 123 500 |
| Serviceavtalar (sprinkl.anl., orgel, ky-styring,el.kontr.) | kr | 31 000 |
| Inventar | kr | 6 000 |
| Vakthald alarmsystem | kr | 12 500 |
| Avgifter (Renovasjon mm) | kr | 4 000 |
| **Sum:** | **kr** | **372 500** |

### 6.2.5 Drift kyrkjegardar

| | | | |
|---|---|---|---|
| Forbruksmateriell (planter, reinhald, drivstoff) | kr | 22 000 | |
| Arbeidskle tilsette | kr | 3 500 | |
| Drift / vedlikehald av transportmiddel og maskiner | kr | 24 500 | |
| Straum | kr | 24 500 | |
| Forsikring | kr | 12 500 | |
| Avgifter (kommunale avgifter, renovasjon) | kr | 24 500 | |
| Inventar og utstyr (fornying, mindre innkjøp) | kr | 12 500 | |
| Ekstra personell (teknisk etat) | *kr* | *49 500* | *tenesteyting* |
| Serviceavtalar, reparasjonar | *kr* | *37 000* | *tenesteyting* |
| Feiing / brøyting | *kr* | *4 000* | *tenesteyting* |
| Vedlikehald, materiell, byggtenester | kr | 62 000 | |
| Festeavgifter | kr | - 247 000 | |
| **Sum:** | **kr** | **29 500** | |

### 6.2.6 Kontorlokale

| | | | |
|---|---|---|---|
| Rente/avdrag på lån | kr | 231 000 | |
| Fellesutgifter | kr | 49 500 | |
| Kontormateriell | kr | 24 500 | |
| Forbruksmateriell (lysrør, såpe, toalettpapir, reinh.m.) | kr | 5 000 | |
| Mat og servering (årsmøte, SR- møte, stab) | kr | 12 500 | |
| Porto | kr. | 20 000 | |
| Telefon (inkl breiband og nettverk) | | | |
| Kopipapir | *kr* | *6 000* | *tenesteyting* |
| Straum | kr | 31 000 | |
| Bankgebyr | kr | 16 000 | |
| Annonser | kr | 29 500 | |
| Opplæring (ca 1% av lønnsmassen) | kr | 49 500 | |
| Reiseutgifter | kr | 12 500 | |
| Avgifter, programvare (kontingent KA, Labora, Kopinor | kr | 85 500 | |
| web-teneste med meir. | kr | 100 000 | |
| Kopiering (leasing og toner) | kr | 49 500 | |
| Inventar og utstyr | kr | 24 500 | |
| Vedlikehald | kr | 12 500 | |
| Revisjon | kr | 18 500 | |
| Rekneskap, lønn og personal. Rapportering | *kr* | *222 500* | *tenesteyting* |
| Eigenkapitalkrav KLP | kr | 15 000 | |
| Undervisningsmateriell, konfirmantar | kr | 55 500 | |
| Undervisningslokale (Fredheim) 60 t à 400,- | kr | 49 500 | |
| Sum | **kr** | **1 120 000** | |

## 6.3 Investering

### 6.3.1 Generelt

Ulstein sokn skal ha eige investeringsbudsjett for tiltak over kr. 100.000 som er finansiert av soknet. Dersom tiltaka er finansiert av Ulstein kommune, skal hovudregelen vere at tiltaket vert ført i kommunen sitt investeringsbudsjett/-rekneskap.

Kvart investeringsprosjekt skal ha eige prosjektnummer. Dette for å sikre god styring og rapportering.

### 6.3.2 Større investeringar

I samband med større investeringar og innkjøp kan Ulstein sokn gjere seg nytte av kommunen sin fag-kompetanse på planlegging, prosjektering og innhenting av anbod.

## 6.4 Tenesteyting

### 6.4.1 Generelt

Etter Trossamfunnsloven §14, 3. ledd kan kommunen gjere avtale med fellesrådet om tenesteyting i staden for løyving til særskilde føremål innanfor punkta 6.2.4, 6.2.5 og 6.2.6 ovanfor. Avtale om tenesteyting skal inngå som ein del av avtalen mellom Ulstein kommune og Ulstein sokn, og skal synleggjerast og kostnadsreknast under punkt 6.4. I dei tilfelle der tenestene er kostnadsrekna i budsjettgrunnlaget, skal dette trekkjast ut før den endelege økonomiske ramma for overføring til soknet vert fastsett.

### 6.4.2 Rekneskap

Kommunen fører rekneskap i samsvar med lov, forskrift og kommunalt reglement. Elektronisk rapportering til Statistisk sentralbyrå

*Kostnad med Rekneskap, betaling av rekningar og lønn, personal: kr. 222.500*

### 6.4.3 Betaling av rekningar

Kommunen betaler rekningar etter tilvising av kyrkjeverje

*Kostnad med Rekneskap, betaling av rekningar og lønn, personal: kr. 222.500*

#### 6.4.4 Lønn
Kommunen utfører lønnskøyring og tilhøyrande personaladministrative rutiner, og utbetaler lønn etter tilvising frå kyrkjeverje. Dette i samsvar med gjeldande tariffavtalar, og etter gjeldande reglar for skatt og avgift.

*Kostnad med Rekneskap, betaling av rekningar og lønn, personal: kr. 222.500*

#### 6.4.5 Personal
Kommunen fører fråværsstatistikk for tilsette i Ulstein sokn etter oppgåve frå kyrkjekontoret. Elektronisk rapportering til Kirkelig Arbeidsgiverforening og Statistisk sentralbyrå.

*Kostnad med Rekneskap, betaling av rekningar og lønn, personal: kr. 222.500*

#### 6.4.6 Kopipapir
Kyrkjekontoret kan hente kopieringspapir på rådhuset

*Kostnad: Kr. 6.000*

#### 6.4.7 IKT/kommunikasjon.
Ulstein sokn kan nytte seg av kommunen sitt breiband og telefonnett. Kommunen har ansvar for drifting og vedlikehald av linjer.

#### 6.4.8 Maskinelt utstyr på kyrkjegarden
Kommunen stiller sin kompetanse til rådvelde når det gjeld vedlikehald av maskiner og utstyr på kyrkjegarden. Det gjeld gravemaskin, traktor, grasklipparar, kantklipparar og anna motorisert utstyr.

*Kostnad: Kr. 37.000*

#### 6.4.9 Graving på kyrkjegarden
Når situasjonen krev det, kan soknet be uteseksjonen ved teknisk etat om hjelp i samband med graving på kyrkjegarden (tilsvarer noko mindre enn 10% stilling)

*Kostnad: Kr 49.500*

#### 6.4.10 Feiemaskin
Etter oppdrag frå soknet, utfører kommunen feiing av gangvegane på kyrkjegarden ein gong i året for å samle opp sand som ligg att etter strøing vinterstid

*Kostnad: Kr. 4.000*

### 6.5 Andre tenester utan kostnad

#### 6.5.1 Opplæring/kompetanse
Kyrkjeleg tilsette kan ta del på kurs i kommunal regi når dette er relevant

#### 6.5.2 Sentralbord, post
Fellesrådet kan gjere seg nytte av kommunen si informasjonsteneste og interne posttenester.

#### 6.5.3 Kopiering
Soknet kan nytte seg av kommunen sitt kopieringsutstyr når dette er ønskjeleg.

#### 6.5.4 Innkjøpstenester
Fellesrådet kan nytte seg av innkjøpsavtalar som kommunen inngår. Det gjeld mellom anna forsikring, straum, banktenester, dataløysingar, kontorrekvisita og liknande. Kommunen orienterer soknet om aktuelle avtalar, og fellesrådet avklarer om soknet ønskjer å gjere seg nytte av tilbodet.

#### 6.5.5 Bygge- og anleggsprosjekt
Kommunen stiller sin kompetanse til rådvelde når det gjeld planlegging, prosjektering og utføring av større bygge- og anleggsprosjekt. Slike saker tek fellesrådet opp før den kommunale budsjettprosessen startar, og utgiftene vert ein del av prosjektkostnaden

#### *6.5.6 Parkeringsplassen utanfor Osnes kyrkjegard*
Plassen er eigd av Ulstein kommune, men blir brukt langt oftare enn når det er gravferd. Spesielt sommarstid er den mykje brukt av folk som nyttar det vakre friområdet mot sjøen (Osnessanden). Ulstein kommune har ansvar for å halde plassen rein for glasbrot og rusk, stelle rabatten mellom vegen og parkeringsplassen og beda ved kyrkjegardsmuren, og brøyte plassen vinterstid.

#### 6.5.7 Brøyting av parkeringsplassane ved kyrkja

Ulstein kommune har vinterstid ansvar for å brøyte parkeringsplassane utanfor kyrkja, og rydde plassen utanfor inngangsportane når soknet gir melding om det. Alt areal utanfor kyrkja sitt område

## 7. Verkeområde utan kommunal finansiering

Årsmeldinga til soknet viser eit omfattande arbeid langt ut over det som er finansiert av kommunen. Nedanfor følgjer ei kortfatta oversikt som dei viktigaste sidene ved dette arbeidet.

### 7.1 Barne- og ungdomsarbeid

Ulstein sokn har mange aktørar som bidrar til eit breitt tilbod for born og unge. Soknet samarbeider tett med desse gjennom gudstenesteliv, frivillig teneste og involvering i planer for kyrkjelydsarbeid:

- Søndagsskule på Hasund og i Ulsteinvik
- Korarbeid (Korklubben, Tween Sing)
- Ulstein KFUK-KFUM speidarar
- KRIK
- Tverrkyrkjeleg ungdomsklubb
- ALIVE- festivalen
- Vaksenleiaransvaret for det lokale Ten Sing koret med tilbod også for andre kulturaktivitetar som dans og drama, band, multimedia, lyd og lys. Øving kvar veke
- Tilbod for ungdomsleiar med kurs og opplæring på leir
- Familieleir i samarbeid med Ulstein KFUK-KFUM
- Ulsteinmessa – ei bilmesse med barne- og ungdomsarbeid og innsamling til nyt kyrkjebygg i fokus

### 7.2 Trusopplæring

Frå 2014 av fekk Ulstein sokn tildelt midlar til å drive trusopplæring for alle døypte barn mellom 0 og 18 år. Ulstein kyrkje har desse tilbod:

- Babysong
- 2års- samling med utdeling av spisebrikke
- 4års- bok utdelingsgudsteneste og samlingsstund
- 5år: Samling med leik og forteljing om sauen som blei borte
- 6år: dåpsskulen - 4 samlingar og detaking i familiegudsteneste
- 7år: Skapt og Nytt liv – to samlingar i naturen med fokus på livets under
- 8år: tårnagentsamling i Ulstein kyrkje
- 10år: Kode B – ein ettermiddag med Bibelsoga i fokus
- 11år: Adventsnatt i kyrkja – overnatting og feiring av 1. advent
- 13 år: Endeleg ungdom – ein kveld i overgangen til ungdomsalderen i samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane
- 16 år: Minileiarkurs

### 7.3 Samarbeid med barnehagar og skular

Ulstein sokn har mange aktørar som bidrar til eit breitt tilbod for born og unge. Soknet samarbeider tett med desse gjennom gudstenesteliv, frivillig teneste og involvering i planer for kyrkjelydsarbeid:

- Påskevandring for barnehageborn og elevar i 2.klasse
- Skulebesøk i 5. klasse
- Kyrkjeekskursjon for skuleklassar

### 7.4 Temakveldar på Fredheim

Dette er eit samarbeid med Ulstein NMS og Ulstein KFUK/KFUM. Månadlege samlingar

## 7.5 Supplerande tilbod til gudstenesteliv

- Samtalegudstenester «Spor»
- DRYPP ungdomsgudstenester
- Kveldsmøte med mat, lovsong og andakt
- Bøne- og lovsongskveld
- TV- overføring av alle gudstenester til institusjonane
- Regelmessig andaktstilbod på institusjonane

## 7.6 Diakonalt arbeid

- Besøksteneste (organiserer frivillige som vitjar eldre som bur heime og på institusjon
- Tilbod til sørgjande med sorggrupper og samtaler
- Arbeid blant flyktningar: særskilte tilbod til eldre flyktningar, samtaletilbod i vanskelege livssituasjonar, strikkecafé, turar, kortilbod, kyrkjekaffi
- Hjartevarme - Matinnsamling ved juletider
- Kyrkje på senteret – samtaletilbod på kjøpesenteret Blåhus
- Internasjonal kvinnegruppe. Samling annakvar veke
- Byggeklossen Open barnehage. 8 timar opningstid pr, veke
  (finansiert gjennom barnehagetilskot)
- Kyrkjelydsfest på Kjeldsund – ein aktivitetsdag for heile kyrkjelyden
- Kyrkjekaffi. Samlingar etter gudstenestene

Ulsteinvik 01.desember 2023

---

# F-SAK 2023/44 Budsjett 2024 - Økonomiplan 2024-2027

## UTGREIING

*Vedlegg: ukast til budsjett for 2024 (blir ettersendt); utkast økonomiplan 2024-2027 (blir ettersendt)*

Ulstein kyrkjeleg fellesråd forvaltar inntekter og formue knytt til kyrkje og kyrkjefond, løyvingar frå stat og kommune, og midlar som soknerådet stiller til disposisjon for fellesrådet. Gjennom tildelte midlar frå kommunen og tildelte midlar frå rettssubjket Den norske kyrkja yter Ulstein sokn tenester som er omtalt i Grunnlagsdokumentet (vedlegg i sak F-2023-43)
Gjennom innsamla midlar og gåver, og gjennom prosjektbaserte tilskotsmidlar gjennomfører Ulstein sokn sine satsingar utover dette.
Ulstein soknerråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd er også gravplassmynde for alle innbyggarar i Ulstein kommune og får ei kommunal tildeling til denne oppgåva.
Ulstein sokn driver også ein open barnehage - Byggeklossen open barnehage og får barnehagetilskot til dette.

Ulstein kyrkjelege fellesråd får ei rammeoverføring frå kommunen og disponerer midlane gjennom intern overføring for dei ulike tenestene. Saman med dei andre finansieringskjeldane skal Ulstein kyrkjelege fellesråd setje opp eit samla driftsbudsjett for i balanse for det første året i ein fireårig økonomiplan.

Større investerings- og vedlikehaldsprosjekt skal bli realisert gjennom tildelingar frå det kommunale investeringsbudsjettet.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek budsjett for reknskapsåret 2024 slik det ligg føre
Ulstein kyrkjelege fellesråd vedtek økonomiplan for 2024-2027 slik den ligg føre.

# F-SAK 2023/45 møtedatoar våren 2024

## UTGREIING

Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd har ansvar for å setje opp ein møteplan, slik at aktuelle saker kan bli handsama hensiktsmessig slik at det sikrer god flyt i plasnlegging, drøfting og gjennomføring av gjeremål soknerådet sett på dagsorden, eller som treng å bli handsama i forhold til frister sett frå regelverk og samarbeidspartnarar.

Erfaringsmessig har om lag 10 møter vore ein god rytme, der det var møte kvar månad utanom juli og ein månad til utan møte. Årsmøtet kjem i tillegg der soknerådet legg fram årsmeldinga si for soknemøtet.
Eit av dei første møtene på vårsemesteret har vore saman med stab.

Arbeidsutval har møte om lag 2 veker før soknerådsmøte for å samle og førebue aktuelle saker til soknerådsmøtene.

Soknerådet vel fritt kva dag og klokkeslett som er best eigna for møtene.
Soknerådet bør også bestemme dag og klokkeslett for årsmøtet.

Det siste soknerådet brukte onsdagar kl. 19:00. Ut frå dette tidspunktet kunne
6 møter på våren eksempelvis fordelast slik: 17.01. (saman med stab), 07.02., 06.03., 10.04., 08.05., 05.06.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til innstilling

# S-SAK 2023/46 Val av representantar i utval og kontaktpersonar

## UTGREIING
Viser til sak S-2023/41 i soknerådsmøte 01.11.2023

Soknerådet blei einige om å fordele seg på utval i sitt møte 6. desember. Mandat og planer frå tidlegare utval er til dels veldig utdaterte. Kyrkja sine planer skal samlast i plan- og rapporteringsverktøyet: Kirka vår.
Heilt kortfatta: Utvala si oppgåve er jobbe med aktivitetane i fagfeltet, og legge forslag til aktuelle satsingar fram for soknerådet. I samarbeid mellom rådsmedlemar, tilsette og frivillige vil vi skape vekst og engasjement i kyrkjelyden.

På møtet 1. november blei det nemnt at det bør vere eit eige utval for barne- og ungdomsarbeid.
I arbeidsutvalet var det også reist spørsmål om det er dei første to vara som skal møte fast for å skape best mogleg kontinuitet i rådet.

Elles er det følgjande utval soknerådet treng å fordele seg på:

**Arbeidsutvalet (AU)** skal vere samansett av leiaren for soknerådet pluss minst to soknerådsmedlemar. Soknepresten skal vere ein av desse, kyrkjeverje er sekretær for utvalet. Utvalet kan få delegert oppgåver frå soknerådet, rapporterer til soknerådet og førebur møta i sokneråds/fellesråd.

**Administrasjonsutvalet**, det einaste parts-amansette utvalet i soknet, samansett av AU unntatt soknepresten, og tillitsvald. Utvalet førebur tilsettingar, drøfter HMS- saker og drøfter personalrelaterte spørsmål med arbeidsgjevar. Kyrkjeverje er sekretær i utvalet

**Forhandlingsutvalet** - samansett av leiar, nestleiar og dagleg leiar. Forhandlingsutval ivaretek forhandlingar om løn og arbeidsforhold. Kyrkjeverje er sekretær i utvalet, men trer ut av rolla i forhandling om eiga løn

**Gudstenesteutval** - samanesett av 1 medlem frå soknerådet, 2 frivillige, soknepresten, kapellanen, kantor og klokkar.

**Undervisningsutval** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 2 frivillige, kateketen og kyrkjeydspedagogen.

**Diakoniutval** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 2 frivillige og begge diakoner.

**Kyrkjemusikk- og kulturutval** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 4 frivillige og kantoren. Utvalet har starta hausten 2024 og treng medlem frå sokneråd.

**Utval for barne- og ungdomsarbeid** – utvalet er nytt og treng å bli vedtatt oppretta i møtet

**Planutval for nytt kyrkjebygg** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 3 frivillige, 1 kommunal representant, soknepresten og kyrkjeverja.

**Økonomiutval** - samansett av 1 medlem frå sokneråd, 1- 2 frivillige og kyrkjeverja. Økonomiutval skal hjelpe å styrke soknet sin økonomi for vedtekne satsingsområde utover dei faste tilskot og bistå i budsjettarbeid.

**Utval for stell og vedlikehald av kyrkja –** samansett av 1 medlem i sokneråd og 2-3 frivillige, og kyrkjeverje.

Ulstein sokneråd har **kontaktperson for Kirkens SOS**.

Ulstein sokneråd har **kontaktperson for Kirkens Nødhjelp**

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

# S-SAK 2023/47 tildeling av kyrkjeoffer 2024

## UTGREIING

*Vedlegg:*
*søknader gjennom Kirkens pressekontor (kun som lenke)*
*https://kirkekollekt.no/main*
*søknader innkomne på postmottaket*

Ulstein sokneråd skal vedta tildeling av offer. Tildeling av offer er på 60 forordna hovudgudstenester i Ulstein kyrkje.
Ulstein sokneråd vedtok i sak S-2016/50 at minst annakvar offer i gudsteneste skal gå til eksterne formål. Eksterne formål er alt av kollekt som går til organisasjonar utanfor Ulstein sokneråd sitt økonomiske ansvarsområde.
Det er Kristelig Pressekontor som samler søknadene av organisasjonar som søkjer Kirkeoffer i kyrkjelydane til Den norske kyrkja og publiserer desse som ei oversikt på www.kirkekollekt.no
Ulstein sokneråd 2019-2023 har vedtatt ei tildeling til nokre organisasjonar med ein viss kontinuitet for perioden.

Det er ein tradisjon å gi kollekt til lag og organisasjonar lokalt vi har eit samarbeid med gjennom gudstenesteliv, diakoni og barne- og ungdomsarbeid. Desse sender ikkje søknad, her har soknerådet tildelt til lokalt eller regjonalt ledd i organisasjonen etter det samarbeidet som finst med Ulstein sokn.

Ulstein sokn har også misjonsavtale med NMS, fokusområde Midtausten. Ofring i nokre gudstenester der vi også ha fokus på misjonsprosjektet vårt er ein viktig del av denne avtalen.

Den andre halvparten av kollekten går til eigne føremål. Ulstein sokn samlar inn kollekt for arbeidsområde der vi ikkje mottek tilskot frå kommunen eller Kirkerådet, eller kunn eit tilskt for løn. Barne- og ungdomsarbeid, diakonalt arbeid, undervisning og trusopplæring, kyrkjemusikalsk arbeid, men også økonomi til nytt kyrkjebygg.

Administrasjonen har laga ei oversikt over alle innkomne søknader, og over tildeling av offer i årene 2021-2023.

Etter at soknerådet har tildelt offer for 2024, blir avtalt tidspunkt for innsamling av offer i forhold til gudstenesteliste. Dette gjer soknepresten i samarbeid med kyrkjelydssekretæren.

Oversikt over søknadene 2024 og tildelingane 2021-2023 neste sidene

Til sokneråd/menighetsråd i Møre Bispedøme

# Søknad om takkoffer til Åkerlehaugen

Åkerlehaugen er ein retreatstad som ligg i Solemdalen i Molde. Staden er eigd av ei stifting i Den norske kyrkja. Her blir det arrangert retreatar, temahelger, stille dagar og kveldsbøner.

Vi vil gjerne takke dei av dykk som har gitt oss takkoffer i løpet av det siste året. Drifta på Åkerlehaugen er nøktern og mykje blir gjort på dugnad. Likevel er vi avhengig av gåver for å kunne drive og vidareutvikle Åkerlehaugen på ein god måte. Dagleg leiar Trine Ringstad er lønna i ei 50% stilling og det er heile tida noko som må gjerast i eit gamalt hus.

Vi vil med stort frimod be om å få vere blant dei som de vil støtte med takkoffer i 2024.

På Åkerlehaugen er det omlag 10 retreatar i året, ein av desse er for kyrkjeleg tilsette. I tillegg er det mange andre arrangement her, for eksempel har stabar og sokneråd eigne inspirasjonsdagar. Både kapellet, hovedhuset og naturen innbyr til gode møtepunkt. Med Gud. Med sin neste. Med seg sjølv.

Vi trur det er godt og viktig å ha ein stad i vårt eige bispedøme som har retreat i fokus. Som kan tilby ei god ramme for stillheit, bøn, refleksjon – og kvile. Som Jesus sjølv sa:

> *«Kom med meg til ein aude stad der vi kan vera åleine, og kvil dykk litt!»*

Vi er som de forstår framleis avhengig av og takksame for økonomiske bidrag som gjer at vi kan ta vare på og vidareutvikle Åkerlehaugen som retreatstad, og vi håpar de vil vere med på dette.

Og de er hjarteleg velkomne på retreat eller til å bruke Åkerlehaugen på anna vis!

Beste helsing

Anne Marit Riste

*Styreleiar, Molde, 04.09.23*

Åkerlehaugen sitt kontonr: 3980.19.03154
Heimeside: https://akerlehaugen.wordpress.com/

| mottakar kyrkjeoffer | | søkt 2024 | Tildeling 2024 | 2023 | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Acta | kpk | X | | | | |
| Alpha Norge | kpk | X | | | | |
| Areopagos | kpk | X | | | | |
| Bibelselskapet | kpk | X | | | | |
| Bibelskolen i Grimstad | kpk | X | | | | |
| Bildøy Bibelskole | kpk | X | | | | |
| Blåkors | kpk | X | | | | |
| Care Norge | kpk | X | | | | |
| Changemaker | kpk | X | | | | |
| Damaris Norge | kpk | X | | | | |
| De Fire Diakoniinstitusjoner | kpk | X | | | | |
| Den Norske Israelsmisjon | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Evangeliesenteret | kpk | X | | | | |
| Fransiskushjelpen | kpk | X | | | | |
| Gå Ut Senteret | kpk | X | | | | |
| Himalpartner | kpk | X | | | | |
| IKO | kpk | X | | | | |
| Institutt for sjelesorg, Modum Bad | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Gideon | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| KABB Kristent arbeid Blant Blinde Og Svaksynte | kpk | X | | | | |
| *KRIK Kristen idrettskontakt* | *kpk* | *X* | | | | |
| Kirkens Bymisjon | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Kirkens Nødhjelp | kpk | X | | 2 | 2 | 1 |
| *Kirkens SOS* | *kpk* | *X* | | | | |
| Krtistelig Pressekontor | kpk | X | | | | |
| Kristne Arbeidere | kpk | X | | | | |
| LEVE - Landsforening For Etterlatte Av Selvmord | kpk | X | | | | |
| Laget - Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag | kpk | X | | 1 | 1 | |
| MAF (Mission aviation fellowship) | kpk | X | | | | 1 |
| MF Vitenskapelig Høyskole | kpk | X | | | | |
| Maritastiftelsen | kpk | X | | | | |
| Menneskeverd | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Mercy ships | kpk | X | | | | 1 |
| Misjon Uten Grenser | kpk | X | | | | |
| Misjonsalliansen | kpk | X | | 1 | 1 | 2 |
| Misjonssambandet - Norsk Luthersk Misjonssamband | kpk | X | | | | |
| Misjonssambandet Ung | kpk | X | | | | |
| NLA Høgskolen | kpk | X | | | | |
| *NMS - Det Norske Misjonsselskap* | *kpk* | *X* | | | | |
| Norea Mediemisjon | kpk | X | | | | |
| Norges Kristelige Studentforbund | kpk | X | | | | |
| Normisjon | kpk | X | | | | |
| Rivers Global | kpk | X | | | | |
| Rådet For Psykisk Helse | kpk | X | | | | |
| Sandomstiftelsen | kpk | X | | | | |
| Sjømannskirken | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Skeivt Kristent Nettverk | kpk | X | | | | |
| Stefanusalliansen | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Stiftelsen Barnevakten | kpk | X | | | | |
| Stiftelsen CRUX | kpk | X | | | | |

| mottakar kyrkjeoffer | | søkt 2024 | Tildeling 2024 | 2023 | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Stiftelsen Kirkens Familievern | kpk | X | | | | |
| Stine Sofies Stiftelse | kpk | X | | | | |
| Strømmestiftelsen | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Søndagsskolen Norge | kpk | X | | | | |
| The Gideons Interntional Norge | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Tro & Medier | kpk | X | | | | |
| Ung Kirkesang | kpk | X | | | | |
| Ungdom i Oppdrag | kpk | X | | | | |
| VID Vitenskapelige Høgskole | kpk | X | | | | |
| VAKE Kirkelig ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Viken Senter | kpk | X | | | | |
| Wycliffe | kpk | X | | | | |
| Åpne dører | kpk | X | | 1 | 1 | 1 |
| Åkerlehaugen retreatsenter | brev | X | | | | |
| | | | | | | |
| | | | | | | |
| Det Norske Misjonsselskap v/Kjeldsund leirstad | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| KFUK-KFUM speidarane i Ulstein | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| KFUK-KFUM speidarane, Sunnmøre krins (regional) | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| KFUK-KFUM Norge - Møre og Romsdal (tildelt, ikkje fått 2021) | samarb. | | | 1 | 1 | 0 |
| Kirkens SOS Møre og Romsdal (regional) | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| KRIK (lokalt) | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| NMS - Det norske Misjonsselskap (soknet sitt Misjonsprosjektet) | samarb. | | | 3 | 3 | 2 |
| Skuleprosjektet Tanzania GodBless Mamkwe | | | | | 1 | |
| Sunnmøre Folkehøgskule | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| Sunnmøre Folkehøgskule solidaritetsprosjekt | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| Søndagsskolen Sunnmøre krins | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| Søndagsskulane i Ulstein | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| Ulstein KFUK-KFUM | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| Ulstein tensing | samarb. | | | 1 | 1 | 1 |
| 2 ledige offer (i tilfelle akutte behov) | | | | 2 | 1 | 1 |
| TV-aksjonen (2024: Familiesentre for alvorlig syke barn) | | | | 1 | 1 | 1 |
| ***sum eksterne føremål*** | | | ***0*** | ***32*** | ***32*** | ***30*** |
| | | | | | | |
| Ulstein sokn – Diakoniarbeidet | internt | | 6 | 6 | 6 | 6 |
| Ulstein sokn - trusopplæring | internt | | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Ulstein sokn - undervisningsarbeid | internt | | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Ulstein sokn - Barne- og ungdomsarbeidet | internt | | 9 | 9 | 9 | 9 |
| Ulstein sokn – Kyrkjemusikkarbeidet | internt | | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Ulstein sokn - Nytt kyrkjebygg | internt | | 12 | 12 | 12 | 12 |
| ***sum eiget arbeid*** | | | ***30*** | ***30*** | ***30*** | ***30*** |
| **Totalt** | | | **30** | **62** | **62** | **60** |
| | | | | | | |
| DRYPP ungdomsgudsteneste finn eige prosjekt | | | **0** | **0** | **1** | **9** |

# FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

# S-SAK 2023/48 Klokkarstilling i Ulstein

## UTGREIING

Sist det blei tilsett klokkar i Ulstein var for 40 år sidan. Frå 01.01.2023 er klokkarstilling i Ulstein kyrkje ledig. Den var lyst ut lokalt i Vikebladet, på våre heimesider og dette blei også delt på Facebook. Det har ikkje vore relevante søkjarar på stillinga da søknadsfristen gjekk ut 15.11.2023

Arbeidsutvalet har drøfta situasjonen i sitt møte 16.11.2023 og ønskjer at vegen vidare blir drøfta i soknerådet. Det er høve til å lyse ut på nytt og jobbe målretta med fleire mulige kandidatar. I staden for å finne ein eller to personer som tek stillinga er det også eit forslag å fordele tenesta på 6-8 personer som har ein turnus på klokkarteneste med timebetaling som ei prøveordning for eitt år.

I grunnlagsdokumentet om samarbeid mellom Ulstein kommune og Ulstein sokn står det om klokkartenesta (vedlegg i sak F-2023-43; Grunnlagsdokument, side 8):

5.2.1.1 Klokkar (13% stilling inkludert helgetillegg)

- Administrere samling for born (søndagsskule) under gudstenestene
- Førebu og lese kunngjeringar. Tekstlesing under gudstenesta
- Minning om dei som er avdøde
- Administrere offer
- Ansvarleg for branntryggleiken, og leie evt. evakuering
- Eventuelt skifte av preikeklede
- Sjekke og styre lydanlegget (i lag med kyrkjetenar)
- Ta imot dåpsfølgje; ordne med det som trengst til dåp, og informere foreldra
- Assistere ved dåp og nattverd , og organisere prosesjon

Organisere frivillige medarbeidarar før, under og etter gudstenesta

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan fraamlegg til vedtak